


Ørskog Sparebank

- *tid til deg*

Delårsrapport – 3. kvartal 2020

Ørskog Sparebank



Delårsrapport 3. Kvartal 2020.

Ørskog Sparebank oppnådde eit resultat etter tap og skatt på 15.341 mill. kr. pr. 30.09.2020. Dette er 0,340 mill kr. betre enn pr. 30.09.2019. Banken sine totale utlån inkludert Eika Boligkreditt syner det siste året ein auke på 9,5 %. Rentenettoen går ned grunna ekstraordinære rentekutt samt svekka innskotsmarginar gjennom året. Covid-19 situasjonen gjer at banken har auka tapsavsetnadane så langt i år. Banken sine provisjonsinntekter aukar og den underliggende bankdrifta er solid. Banken sin balanse syner ei rein kjernekapitaldekning på 19,24 %.

Resultatrekneskapen

Banken har frå 01.01.2020 teke i bruk eit nytt rekneskapspråk IFRS9 som gjev store endringar i høve rekneskapsføring og balansevurdering. Dette betyr at det er nye reglar for klassifisering og måling av finansielle eigendelar og nedskrivingar. Notekrava er endra, og det er innført nye definisjonar og utrekningmåtar. Banken har valt å ikkje omarbeide tidlegare års rekneskap, noko som gjer at fleire av rekneskapspostane ikkje kan samanliknast direkte med tidlegare rekneskap.

Kvartalsrekneskapen er forøvrig sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova av 17. juli 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar m.v.

Ørskog Sparebank har pr. 30.09.2020 eit resultat før tap og skatt på 22.284 mill. kr. Resultat før tap og skatt var pr. 30.09.2019 på 21,240 mill. kr. Dette er ein framgang på 1,044 mill. kr.

Resultat etter tap og skatt er pr. 30.09.2020 15.341 mill kr., samanlikna med kr. 15,001 mill. kr. året før.

Etter at utbytte frå Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS er fastsett i generalforsamlinga og utbetalt i juni, er aksjekursane justert, og den nye verdsettinga gir eit kurstap over utvida resultat. Det utvida resultatet enda difor på 13,604 mill. kr.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente og kredittprovisjonsinntekter vart 36,3 mill. noko som er likt med inntektene pr. utgangen av 3. kvartal 2019. Dette utgjør 1,68 % av GFK, mot 1,82 % i fjor. Rentenettoen har svekka seg gjennom året grunna sterk priskonkurranse mellom bankane spesielt på bankinnskott. Noregs Bank sette ned styringsrenta til 0 % tidlegare i år.

Covid-19 situasjonen ga eit sjokk for økonomien, og utlånskundane fekk framskunda rentekutt i løpet av april månad. Innskotsrentene vart ikkje satt ned før 2 månader etter rentekuttet vart varsla. Dette har gitt ein svekka rentenetto for banken, men har komne utlånskundane til gode i ein utfordrande periode. Med det låge rentenivået, er det utfordrande å skape lønnsam vekst i bankinnskott, og banken finansierer difor dei aller fleste utlån gjennom Eika Boligkreditt.

Provisjonsinntektene er 12,289 mill kr. mot 10,215 mill kr. pr. 30.09.2019. Banken har vekst i alle produktområda, og styret er nøgd med at banken si strategiske satsing på breddesal og rådgjeving gir resultat. Inntekter frå Eika Boligkreditt aukar grunna utlånsvekst og styrka utlånsmarginar. Banken har fokus på å avlaste balansen og bruker difor Eika Kredittbank sine digitale kjøpsløyser når kundar søker om billån og usikra smålån. Portefølja med billån viser ein solid vekst, og det auka salet gir gode inntekter for banken.

Driftskostnader

Driftskostnadene syner ein auke på kr. 1,606 mill. og utgjør kr. 28,504 mill. mot kr. 26,898 mill. i fjor. Målt i høve til GFK er kostnadene 1,32 % mot 1,35 % i fjor. Kostnader i % av totale inntekter (korrigert for verdiutvikling på verdipapir) utgjør 59,9 % pr. 30.09.2020 mot 58,5 % pr. 30.09.2019.

Auken i kostnader skuldast i hovudsak auka bemanning og IT kostnader.

Ørskog Sparebank har som målsetting å tilby god personleg rådgjeving til både privat- og bedriftsmarknaden. Banken har auka bemanninga og investerer i kompetanseheving for å nå dei strategiske målsettingane.

Den norske krona har svekka seg mot danske kroner, noko som gjer at IT kostnader banken betalar i til leverandøren SDC i Danmark, har auka gjennom 2020. Dei øvrige kostnadane ligg på budsjett.

Banken arbeider kontinuerleg for å ta ned kostnader gjennom å auke effektiviteten, og styret følgjer tett opp kostnadsutviklinga.

Tapskostnad

Bokførte tap på utlån og garantiar per 3. kvartal 2020 utgjer 2,809 mill. kr. mot 1,396 mill. kr. same tidspunkt i fjor. Dette utgjer 0,11 % av brutto utlån. Som følge av situasjonen med Covid-19 og auka usikkerheit framover er det i 3. kvartal, tatt ei ekstra nedskriving på 1,850 mill. kroner utover utrekna avsetning i høve banken sine modellar. Dette er gjort med utgangspunkt i ein metodikk der ein tek utgangspunkt i risiko per bransje og sektor.

Banken har vurdert at risikoen for framtidige tap som følgje av Covid-19, har minka samanlikna med vurderingane tidlegare i år. Men lokale smitteutbrot rundt om i landet syner at ein ikkje skal undervurdere risikoen for at det vil kunne komme ein ny runde med inngripande tiltak som vil påverke økonomien negativt. Banken har låg eksponering i sektorar som reiseliv, restaurant og eventbransjen, som er hardast råka av Covid-19 utbrotet.

Styret har vurdert samansetjinga av banken si utlånsportefølje grundig, og ein forventer at framtidige kreditttap – gitt dei føresetnadane som er lagde til grunn – vil, relativt sett, bli moderate.

Balansen

Forvaltningskapitalen utgjer 2,959 mill. kr. mot 2.748 mill. kr. på same tidspunkt i fjor.

Utlån

Netto utlån til kundar på eigen balanse er ved utgangen av 3. kvartal på kr. 2,537 mill. kr., ein auke på 165,2 mill. kr. (+7 %) frå i fjor på same tidspunkt. Lån til personmarknaden utgjer 1,971 mill. kr. og lån til bedriftsmarknaden inkludert landbruket utgjer 576 mill. kr. Andel lån til bedriftskundar inkludert landbruk utgjer 22,6 % av banken sine utlån i eigen balanse.

Utlån finansiert i Eika Boligkreditt AS er ved utgangen av 3. kvartal på 591,3 mill. kr., ein auke på kr. 103,2 mill. kr. frå same tidspunkt i fjor. Totale utlån, inkl. Eika Boligkreditt AS, utgjer til saman 3,128 mill. kr. noko som er ein auke på 272,1 mill. kr. siste 12 månader. Dette tilsvarer ein vekst på 9,5 %. Banken hadde ved utgangen av kvartalet utbetalt to lån med til saman 2,2 mill. kroner i lån med statsgaranti.

Banken ser positive effektar etter etableringa av rådgjevingsskontoret på Moa, og vinn stadig nye kundar i marknadsområdet.

Styret er nøgd med utlånsveksten, som utviklar seg i samsvar med banken sine budsjett.

Misleghald og tapsutsett portefølje

Dei misleghaldne engasjementa utgjorde 12,135 mill. kr. tilsvarande 0,48 % av brutto utlån. Engasjementa er i all hovudsaka sikra med pant i fast eigedom. Tilsvarande tal pr. 30.09.2019 var kr. 10,506 mill. tilsvarande 0,44 % av brutto utlån. Banken sin kredittpolicy, kompetente rådgjevarar og eit lågt rentenivå er viktige forklaringar til det låge volumet.

Tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement utgjer 4,5 mill. kr. ved kvartalsskiftet, mot 59,861 mill. kr. pr. 30.09.2019. Endringa skuldast restrukturering av eit einskild låneengasjement, som pr. 30.09.2020 ikkje lenger er klassifisert som tapsutsett grunna restrukturering og oppkapitalisering.

Likviditet og innskot

Banken har ein likviditetsstrategi som gir grunnlaget for samansetjing av innlån og forfallsstrukturen. Likviditetsstrategien med forfallsstruktur blir følgt tett, og likviditetssituasjonen til banken er god. Banken har midlar disponibelt på konti i bankar, unytta trekkrettigheter, ei likvid obligasjonsportefølje og lånemoglegheiter i Norges Bank. Saman med ei god spreiding i forfallsstrukturen, vurderer styret likviditetsreserven for å være god.

Banken sine innskot har auka med kr. 68,9 mill. siste 12 mnd., og utgjer no kr. 2,060 mill. Dette er ein auke på 3,5 %. Innskotsdekninga er på 80,9 % pr. 30.09.2020 mot 82,7 % pr. 30.09.2019.

Det låge rentenivået, saman med at banken vil halde oppe eit rykte som ein bank med gode innskotsvilkår i marknaden, gjer at innskotsmarginen har svekka seg målt mot førre kvartal.

Nye utlån til personkundemarknaden blir i all hovudsak finansiert ved å nytte bustadkreditselskapet Eika Boligkreditt AS. I tillegg vurderer banken utskriving av nye obligasjonslån om marknaden blir vurdert som gunstig.

Verdipapir

Banken si portefølje av aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandelar utgjer 72,470 mill. kr. pr. 30.09.2020. Banken si obligasjonsportefølje utgjer kr. 215,3 mill. Netto verdiendring og vinst på verdipapir er på 0,946 mill. kr. pr. 30.09.2020. Dette er ein auke på 0,634 mill. kr. samanlikna med i 30.09.2019. Verdsettinga av aksjane i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt gir eit kurstap på utvida resultat/andre inntekter og kostnader sidan banken nyttar verdsettingsprinsippet «verkeleg verdi over utvida resultat» på aksjane. Kurstapet nullar ut utbytteinntekta som blir inntektsført over ordinært resultat.

Soliditet

Eigenkapitalen er på 314,5 mill. kr. pr. 30.09.2020 som utgjør 10,63 % av forvaltningskapitalen. I kvartalet har banken refinansiert eit ansvarleg lån og samstundes auka det til kr. 40 mill. Lånet er på 10 år med ei rett til innløyising etter 5 år. Lånet blei gjort til betre vilkår enn det førre lånet.

Pr. 30.09. har banken ei kapitaldekning på 22,27 % (20,39) %, og rein kjernekapitaldekning på 19,24 % (18,42) %.

Konsoliderte tall per 30.09.2020, som tek omsyn til eigarskap i Eika Boligkreditt AS og Eika Gruppen AS, syner ei kapitaldekning på 21,02 %, (19,21 %) og ei rein kjernekapitaldekning som utgjer 17,88 (16,94) %. Rekneskapen er ikkje revidert, og overskotet hittil i år er ikkje inkludert i kapitaldekningsberekningane.

Beregningsgrunnlaget har i same periode auka som følgje av at banken veks og har god aktivitet.

Risikovurdering

Kredittrisiko og likviditetsrisiko er dei mest vesentlege risikoområda for Ørskog Sparebank.

Kredittrisikoen for tap på utlån, plasseringar og garantiar blir framleis vurdert som låg, samstundes som banken sine individuelle nedskrivningar på utlån blir vurdert som tilfredsstillande ut i frå risikoen og utviklinga i låneporteføljja. Banken søker å ha ein moderat risikoprofil. Det er lagt opp til tett oppfølging og kontinuerleg overvaking av engasjementa.

Kredittrisikoen blir mellom anna overvaka ved at styret jamleg går gjennom rapportar om misleghald og overtrekk på konti og lån. Som følgje av Covid-19 situasjonen har kredittrisikoen auka, og det er framleis usikkert korleis dei

langsiktige konsekvensane vil bli for enkelte kundar. Det er naturleg å forvente at dette resulterer i auka tap for banken, noko som forklarar auka tapskostnader for banken.

Banken har hatt god likviditet gjennom heile året, men ser at det låge rentenivået utfordrar ei lønnsam vekst i innskot. Banken har god likviditet ved kvartalsskiftet og vurderer likviditetsrisikoen til å vere låg.

Den operasjonelle risikoen auka frå 2. kvartal som følgje av Covid-19 utbrotet. Heimekontor, gode digitale løysingar og tilpassingsdyktige medarbeidarar gjorde at situasjonen blei halden under god kontroll. Det har vore god driftsstabilitet i interne system og for dei digitale kundeløysingane. Styret vurderer den operasjonelle risikoen til å vere låg.

Utviklinga så langt og utsiktene for resten av året

I kjølvatnet av Covid-19 utbrotet og smittevernstiltaka er det ei rekke økonomiske effektar for samfunnet som vil verke inn over tid. Ein forventer negativ påverknad på økonomisk vekst og i makrobiletet i Noreg og globalt i tida framover. Dei aller fleste lånekundane vil nyte godt av eit historisk lågt rentenivå, medan kundar med formue i bankinnskot merker den negative realrenta. Dette fører også til at banken sine kundar sparer meir i aksjefond.

Ei styringsrente i Norges Bank på 0 % og låge marknadsrenter gir press på netto renteinntekter. Det er stor konkurranse om kundane, både når det gjeld utlån, innskot og forsikring. Banken har ein god og sunn utlånsvekst, og styret vurderer at banken sin marknadsposisjon er styrka gjennom den siste tida. Banken ventar at resultatet frå Eika Gruppen vil kunne bli tilfredsstillande, og at ein vil kunne få eit godt utbytte frå føretaka i alliansen også for 2020.

Banken ventar framleis normal aktivitet basert på etterspurnad etter lån frå nye kundar, og at den solide veksten i provisjonsinntekter vil halde fram. Utlånsveksten i bedriftsmarknaden er meir avdempa etter Covid-19 utbrotet, medan banken har ein god vekst frå nye privatkundar som ønskjer seg ein tilgjengeleg lokalbank. Totalt sett ventar difor styret at resultatet for 2020 vil bli noko betre enn i 2019. Med banken sin solide eigenkapital og ein strategi om å vere ein nær og tilgjengeleg lokalbank, venter styret at banken vil kunne oppretthalde ein god marknadsposisjon både i 2020 og framover.

Resultat		3. kvartal isolert	3. kvartal	3. kvartal	Året	
<i>Ordinært resultat - Tall i tusen kroner</i>	Note	2020	2019	30.9.20	30.9.19	31.12.19
Renteinntekter og lignende inntekter beregnet etter effektivrentemetoden		16.508	22.048	58.417	60.683	84.681
Øvrige renteinntekter på eiendeler vurdert til virkelig verdi		475	1.011	2.480	2.958	4.155
Rentekostnader og lignende kostnader		5.101	9.910	24.612	27.277	38.470
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		11.882	13.149	36.286	36.364	50.366
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		4.235	3.615	12.289	10.215	15.508
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		707	315	1.427	1.086	1.496
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		25	24	2.254	1.878	1.993
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	Note 9	284	104	946	312	-98
Andre driftsinntekter		148	112	440	455	642
Netto andre driftsinntekter		3.986	3.541	14.502	11.774	16.549
Lønn og andre personalkostnader		5.200	4.918	13.980	12.820	17.760
Andre driftskostnader		3.608	4.181	13.249	12.844	17.534
Av-/nedskrivninger og gevinst tap på ikke-finansielle eiendeler		427	421	1.275	1.233	1.740
Sum driftskostnader		9.235	9.520	28.504	26.898	37.034
Resultat før tap		6.632	7.170	22.284	21.240	29.880
Kredittap på utlån, garantier og rentebærende verdipapirer	Note 7	-108	-249	2.809	1.396	1.357
Resultat før skatt		6.740	7.419	19.474	19.844	28.523
Skatt på resultat		1.629	1.997	4.134	4.843	7.284
Resultat etter skatt		5.111	5.423	15.341	15.001	21.239
<i>Andre kostnader og inntekter - Tall i tusen kroner</i>						
Verdiendringer knyttet til investeringer i egenkapitalinstrumenter	Note 9	16	0	-1.736	0	0
Andre poster		0	0	0	0	0
Sum andre inntekter og kostnader som ikke blir omklassifisert til resultatet		16	0	-1.736	0	0
Totalresultat		5.127	5.423	13.604	15.001	21.239
Balanse - Eiendeler						
<i>Tall i tusen kroner</i>	Note			30.9.20	30.9.19	31.12.19
Kontanter og kontantekvivalenter				5.399	5.027	4.549
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og sentralbanken				106.522	89.404	80.928
Netto utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost	Note 6			2.537.403	2.372.202	2.435.588
Rentebærende verdipapirer	Note 9			215.376	201.347	204.428
Finansielle derivater				30	0	0
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	Note 9			72.470	58.681	60.545
Varige driftsmidler				12.184	13.510	13.331
Andre eiendeler				7.108	5.495	7.280
Anleggsmidler og avhendingsgrupper holdt for salg				3.000	3.000	3.000
Sum eiendeler				2.959.492	2.748.667	2.809.648
Balanse - Gjeld og egenkapital						
<i>Tall i tusen kroner</i>				30.9.20	30.9.19	31.12.19
Innlån fra kredittinstitusjoner				204.872	150.417	182.948
Innskudd og andre innlån fra kunder				2.060.384	1.991.424	1.965.849
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer				300.672	251.037	301.139
Finansielle derivater				324	0	0
Annen gjeld				9.259	17.453	16.043
Avsetninger				7.175	2.773	2.591
Ansvarlig lånekapital				46.893	30.243	30.259
Sum gjeld				2.629.580	2.443.346	2.498.828
Opptjent egenkapital				314.571	290.320	310.820
Periodens resultat etter skatt				15.341	15.001	0
Sum egenkapital				329.912	305.321	310.820
Sum gjeld og egenkapital				2.959.492	2.748.667	2.809.648

EGENKAPITALOPPSTILLING

Opptjent egenkapital

<i>Tall i tusen kroner</i>	Sparebankens fond	Sum egenkapital
Egenkapital 31.12.2019	310.820	310.820
Overgang til IFRS	5.488	5.488
Egenkapital 01.01.2020	316.308	316.308
Resultat etter skatt	15.341	15.341
Totalresultat 30.09.2020	15.341	15.341
Andre egenkapitaltransaksjoner	-1.736	-1.736
Egenkapital 30.09.2020	329.912	329.912
Egenkapital 31.12.2018	290.320	290.320
Resultat etter skatt	15.001	15.001
Totalresultat 30.09.2019	15.001	15.001
Egenkapital 30.09.2019	305.321	305.321

NØKKELTALL

	3. kvartal	3. kvartal	Året
<i>Nøkkeltall er annualisert der annet ikke er spesifisert</i>	2020	2019	2019
Resultat			
Kostnader i % av inntekter justert for VP	59,90 %	58,54 %	56,96 %
Kostnadsvekst siste 12 mnd	5,97 %	16,82 %	12,71 %
Egenkapitalavkastning*	6,38 %	6,70 %	7,07 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	23,75 %	20,86 %	22,54 %
Innskuddsmargin hittil i år	-0,11 %	0,28 %	0,32 %
Utlånsmargin hittil i år	2,30 %	2,06 %	2,06 %
Netto rentemargin hittil i år	1,68 %	1,82 %	1,86 %

Innskudd og Utlån

Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	22,62 %	22,90 %	22,96 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	23,08 %	20,83 %	20,52 %
Innskuddsdekning	80,90 %	82,70 %	80,20 %

* EK-avkastning etter beregnet skatt - Annualisert

<i>Nøkkeltall er annualisert der annet ikke er spesifisert</i>	2020	2019	2019
Soliditet			
Ren kjernekapitaldekning	19,24 %	18,42 %	20,45 %
Kjernekapitaldekning	19,24 %	18,42 %	20,45 %
Kapitaldekning	22,27 %	20,39 %	22,49 %
Leverage ratio	9,82 %	9,97 %	10,50 %

Likviditet

LCR	123	137	148
NSFR	139	138	141

NOTE 5 - MISLIGHOLDTE OG TAPSUTSATTE LÅN

Misligholdte engasjement	3. kvartal	3. kvartal	Året
	2020	2019	2019
Brutto misligholdte engasjement - personmarkedet	8.105	6.562	8.296
Brutto misligholdte engasjement - bedriftsmarkedet	8.881	4.094	7.052
Nedskrivninger i steg 3 (individuelle nedskrivninger i 2019)	-4.851	-150	-1.550
Netto misligholdte utlån	12.135	10.506	13.798
Andre tapsutsatte engasjement	3. kvartal	3. kvartal	Året
	2020	2019	2019
Brutto tapsutsatte, ikke misligholdte engasjement - personmarkedet	3.999	3.919	14.839
Brutto tapsutsatte, ikke misligholdte engasjement - bedriftsmarkedet	814	70.242	72.288
Nedskrivninger i steg 3 (individuelle nedskrivninger i 2019)	-300	-15.200	-14.600
Netto tapsutsatte engasjement	4.512	58.961	72.527

NOTE 6 - FORDELING UTLÅN KUNDER

Utlån til kunder fordelt på sektorer og næringer

	3. kvartal	3. kvartal	Året
	2020	2019	2019
Landbruk	25.999	28.956	29.990
Industri	22.695	25.189	24.291
Bygg, anlegg	79.254	91.707	83.952
Varehandel	79.485	57.168	72.511
Transport	10.776	10.151	9.787
Eiendomsdrift etc	302.465	276.922	285.242
Annen næring	55.341	57.984	57.898
Sum næring	576.016	548.075	563.670
Personkunder	1.970.884	1.842.977	1.890.968
Brutto utlån	2.546.900	2.391.052	2.454.638
Steg 1 nedskrivninger	-2.377	0	0
Steg 2 nedskrivninger	-1.969	0	0
Gruppevis nedskrivninger	0	-3.500	-2.900
Steg 3 nedskrivninger (individuelle nedskrivninger i 2019)	-5.151	-15.350	-16.150
Netto utlån til kunder	2.537.403	2.372.202	2.435.588
Utlån formidlet via Eika Boligkreditt (EBK)	591.272	484.288	488.059
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	3.128.675	2.856.490	2.923.647

NOTE 7 - Nedskrivninger, tap, finansiell risiko

Etter IFRS 9 er bankens utlån til kunder, ubenyttede kreditter og garantier gruppert i tre steg basert på misligholdssannsynlighet (PD) på innregnings-tidpunktet sammenlignet med misligholdssannsynlighet på balansedagen. Fordeling mellom steg foretas for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellene under spesifiserer endringene i periodens nedskrivninger og brutto balanseførte utlån, garantier og ubenyttede trekkrettigheter for hvert steg, og inkluderer følgende element:

- Overføring mellom steg som skyldes endring i kredittrisiko, fra 12 måneders forventet kreditttap i steg 1 til kreditttap over forventet levetid i steg 2 og steg 3.
- Økning i nedskrivninger ved utstedelse av nye utlån, ubenyttede kreditter og garantier.
- Reduksjon i nedskrivninger ved fraregning av utlån, ubenyttede kreditter og garantier.
- Økning eller reduksjon i nedskrivninger som skyldes endringer i inputvariabler, beregningsforutsetninger, makroøkonomiske forutsetninger og effekten av diskontering.

30.09.2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2020	0	0	550	550
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	4	-120	0	-117
Overføringer til steg 2	-5	61	0	56
Overføringer til steg 3	0	-109	598	490
Nedskrivninger på nye utlån utbetalt i året	22	0	20	43
Utlån som er fraregnet i perioden	-48	-153	-2	-203
Konstaterte tap				0
Endet eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-144	-48	-68	-260
Andre justeringer	319	703	0	1.023
Nedskrivninger personmarkedet pr. 30.09.2020	148	335	1.098	1.581

30.09.2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2020	1.829.716	53.266	7.986	1.890.968
Overføringer mellom steg:				0
Overføringer til steg 1	22.844	-22.844	0	0
Overføringer til steg 2	-20.037	20.037	0	0
Overføringer til steg 3	0	-3.813	3.813	0
Nye utlån utbetalt	460.168	6.861	0	467.029
Utlån som er fraregnet i perioden	-377.284	-9.869	40	-387.113
Konstaterte tap				0
Brutto utlån til personmarkedet pr. 30.09.2020	1.915.407	43.638	11.839	1.970.884

30.09.2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2020	876	1.761	15.600	18.237
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	39	-145	-14.000	-14.106
Overføringer til steg 2	-53	342	0	289
Overføringer til steg 3	-5	-18	604	581
Nedskrivninger på nye utlån utbetalt i året	28	4	213	245
Utlån som er fraregnet i perioden	-95	-71	-433	-599
Konstaterte tap				0
Endet eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-173	170	2.069	2.066
Andre justeringer	1.612	-410	0	1.202
Nedskrivninger bedriftsmarkedet pr. 30.09.2020	2.229	1.634	4.053	7.916

30.09.2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2020	444.238	48.386	71.045	563.670
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	57.776	-14.316	-43.460	0
Overføringer til steg 2	-39.342	39.342	0	0
Overføringer til steg 3	-404	-779	1.183	0
Nye utlån utbetalt	76.769	20.230	0	96.999
Utlån som er fraregnet i perioden	-57.796	-5.708	-21.149	-84.653
Konstaterte tap				0
Brutto utlån til bedriftsmarkedet pr. 30.09.2020	481.242	87.155	7.619	576.016

30.09.2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2020	72	113	0	184
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	1	-4	0	-3
Overføringer til steg 2	-5	16	0	11
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nedskrivninger på nye kreditter og garantier	6	20	0	26
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier som er fraregnet i periode	-21	-10	0	-31
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-28	31	0	3
Andre justeringer	15	22	0	37
Nedskrivninger pr. 30.09.2020	38	188	0	227

30.09.2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2020	146.101	38.324	3.224	187.649
Overføringer:				0
Overføringer til steg 1	1.377	-1.377	0	0
Overføringer til steg 2	-4.781	4.781	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nye/endrede ubenyttede kreditter og garantier	29.818	4.534	0	34.352
Engasjement som er fraregnet i perioden	-36.173	-5.612	-2.601	-44.385
Brutto balanseførte engasjement pr. 30.09.2020	136.344	40.649	623	177.615

Individuelle nedskrivninger på utlån og garantier	30.09.2020	30.09.2019
Individuelle nedskrivninger ved begynnelsen av perioden	6.869	15.400
Økte individuelle nedskrivninger i perioden	600	-50
Nye individuelle nedskrivninger i perioden	300	0
Tilbakeføring av individuelle nedskrivninger fra tidligere perioder	-2.618	0
Konstaterte tap på lån som tidligere er nedskrevet	0	0
Individuelle nedskrivninger ved slutten av perioden	5.151	15.350

Resultatførte tap på utlån, kreditter og garantier	30.09.2020	30.09.2019	31.12.2019
Endring i perioden i steg 3 på utlån (individuelle nedskrivninger i 2019)	-9.907	-310	1.150
Endring i perioden i steg 3 på garantier (individuelle nedskrivninger i 2019)	7	0	0
Endring i perioden i forventet tap steg 1 og 2 (gruppevisse nedskrivninger i 2019)	1.770	400	-1.098
Konstaterte tap i perioden, der det tidligere er foretatt nedskrivninger i steg 3 (individuelle i 2019)	12.232	1.234	0
Konstaterte tap i perioden, der det ikke er foretatt nedskrivninger i steg 3 (individuelle i 2019)	522	83	83
Periodens inngang på tidligere perioders nedskrivninger	-1.815	-11	-11
Tapskostnader i perioden	2.809	1.396	1.357

Covid-19 utbruddet har utløyst risikoforhold som var delvis ukjende då noter om finansiell risiko i årsrapporten for 2019 blei publisert.

- Det er innvilga betalingslettelser / forbearance til privatpersonar og verksemdar med totalvolum på kr. 16,6 mill
- Banken har tatt opp et F-lån på kr. 30 mill i Norges Bank

Banken har innvilga 2,223 mill kroner i lån med statsgaranti. Låna ville truleg blitt innvilga også utan slik garanti.

NOTE 8 - VERDIPAPIR

30.09.2020				Sum
Verdsettingshierarki for verdipapirer, til virkelig verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjoner til virkelig verdi over resultatet		215.376		215.376
Aksjer og andeler til virkelig verdi over resultatet				-
Aksjer til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader		29.244	43.225	72.470
Sum	-	244.621	43.225	287.846

Verkeleg verdimålingar og –opplysningar klassifisert etter nivå

Verdsettingsnivå er nivået på verdsettingsmetoden som er brukt for å fastsette verkeleg verdi. I Nivå 1 er verdien fastsett frå kvoterte prisar i aktive marknader. I nivå 2 er verdien utrekna frå kvoterte prisar, eller omrekna marknadsvardiar. Nivå 3 er verdier som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Verdsettinga av Eika Boligkreditt AS er basert på ei vurdering av eigenkapitalen i selskapet. Verdsettinga av Eika Gruppen AS tar utgangspunkt i ei verddivurdering av dei einskilde selskapa i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsettingsmetodar. Denne verddivurderinga blir vurdert opp mot sist kjente emisjons- og/eller omsetningskurs, der ein tek omsyn til banken sin eigen vurdering av hendingar fram til balansedagen.

NOTE 9 - VERDIPAPIRGJELD

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydende	30.09.2020	Bokført verdi 30.09.2019	31.12.2019	Rente- vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010777899	03.11.2016	03.11.2020	50.000	50.123	50.230	50.251	3m Nibor + 115 bp
NO0010791403	26.04.2017	26.04.2021	50.000	50.130	50.235	50.262	3m Nibor + 95 bp
NO0010797517	15.06.2017	15.06.2022	50.000	50.031	50.067	50.075	3m Nibor + 104 bp
NO0010808637	18.10.2017	18.10.2021	50.000	50.144	50.283	50.299	3m Nibor + 98 bp
NO0010850373	23.04.2019	23.04.2024	50.000	50.158	50.223	50.252	3m Nibor + 87 bp
NO0010867419	01.11.2019	01.11.2023	50.000	50.086	0	50.000	3m Nibor + 70 bp
NO0010712888	11.06.2014	11.06.2019	50.000	0	0	0	3m Nibor + 87 bp
Sum gjeld ved utsending av verdipapir				300.672	251.037	301.138	

NOTE 10 - KAPITALDEKNING

Kapitaldekning

	3. kvartal 30.09.2020	3. kvartal 30.09.2019	Året 31.12.2019
Egenkapitalbevis	0	0	0
Overkursfond			
Sparebankens fond	308.804	290.320	310.820
Gavefond	0	0	0
Utevningsfond	0	0	0
Fond for urealiserte gevinster	7.503	0	0
Sum egenkapital	316.308	290.320	310.820
Overfinansiert pensjonsforpliktelse	0	0	0
Immaterielle eiendeler	0	0	0
Fradrag i ren kjernekapital	-18.798	-10.517	-9.716
Ren kjernekapital	297.510	279.803	301.104
Fondsobligasjoner	0	0	0
Fradrag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	297.510	279.803	301.104
Ansvarlig lånekapital	46.800	30.000	30.000
Fradrag i tilleggskapital	0	0	0
Sum tilleggskapital	46.800	30.000	30.000
	0	0	
Netto ansvarlig kapital	344.310	309.803	331.104
	30.09.2020	30.09.2019	31.12.2019
Eksponeeringskategori (vektet verdi)			
Stater	0	0	0
Lokal regional myndighet	2.833	2.209	3.825
Offentlig eide foretak	0	0	0
Institusjoner	6.508	6.364	5.536
Foretak	112.500	151.656	104.809
Massemarked	0	0	0
Pantsikkerhet eiendom	1.137.857	1.046.375	1.027.478
Forfalte engasjementer	13.263	15.874	14.527
Høyrisiko engasjementer	311	43.881	43.299
Obligasjoner med fortrinnsrett	16.805	16.613	16.619
Fordring på institusjoner og foretak med kortsiktig rating	6.490	3.114	1.387
Andeler verdipapirfond	4.085	6.240	6.960
Egenkapitalposisjoner	43.149	29.071	31.121
Øvrige engasjementer	89.720	90.930	103.946
CVA-tillegg	157	112	41
Sum beregningsgrunnlag for kredittrisiko	1.433.678	1.412.437	1.359.548
Beregningsgrunnlag fra operasjonell risiko	112.499	106.591	112.499
Beregningsgrunnlag	1.546.177	1.519.028	1.472.047
Kapitaldekning i %	22,27 %	20,39 %	22,49 %
Kjernekapitaldekning	19,24 %	18,42 %	20,45 %
Ren kjernekapitaldekning i %	19,24 %	18,42 %	20,45 %

Konsolidering av samarbeidende grupper

Fra 01.01.2018 skal alle banker rapportere kapitaldekning konsolidert med eierandel i samarbeidsgruppe. Banken har en eierandel på 0,32 % i Eika Gruppen AS og på 0,58 % i Eika Boligkreditt AS.

	30.09.2020	30.09.2019	31.12.2019
Ren kjernekapital	314.182	287.447	308.209
Kjernekapital	317.812	290.856	311.636
Ansvarlig kapital	369.189	326.039	345.956
Beregningsgrunnlag	1.756.767	1.697.181	1.647.985
Kapitaldekning i %	21,02 %	19,21 %	20,99 %
Kjernekapitaldekning	18,09 %	17,14 %	18,91 %
Ren kjernekapitaldekning i %	17,88 %	16,94 %	18,70 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	8,40 %	8,57 %	9,04 %

NOTE 11 - HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

Tidlegare i år fann det stad ei ekstraordinær generalforsamling i det tilknytte selskapet Sjøholt Næringsbygg AS der banken er aksjonær. Banken har gjennom emisjon og andre tilhøyrande transaksjonar tilført kapital slik at eigarandelen i selskapet vil ende på 73,91 %. Melding om kapitalforhøying er enno ikkje registrert i føretaksregisteret, grunna forseinking hos rekneskapsfører og revisor.


Stadfesting frå ansvarlege personar.

Styret og banksjef har den 30.10.2020 handsama og godkjent delårsrekneskapen for 3. kvartal for Ørskog Sparebank per 30.09.2020. Etter styret og dagleg leiar sin beste overtyding, er delårsrekneskapen for 3. kvartal 2020 utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskapstandardar. Opplysningane i rekneskapen gjev eit rett bilete av banken sine eigendelar, gjeld og finansielle stilling og resultat som heilskap per 30.09.2020.

Etter styret og dagleg leiar si beste overtyding gjev delårsrekneskapen for 3. kvartal ein rettvise oversikt over viktige hendingar i rekneskapsperioden. Etter styret og dagleg leiar si beste overtyding gjev også delårsrapporten ei beskriving av dei mest sentrale risikofaktorane banken står ovanfor i neste rekneskapsperiode.

Ørskog, 30.09.2020



Arne Jan Sollied
Styreleiar


Torstein L. Ståvseng
Nestleiar


Ingegjerd Eidsvik
Styremedlem


Siw Pek
Tilsette sin repr.


Ingunn Fladmark
Styremedlem


Eirik Kavli
Banksjef